



DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT

# Prop. 6 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i lov om folkebibliotek

*Tilråding frå Kulturdepartementet 4. november 2011,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Hovudinnhaldet i proposisjonen**

I denne proposisjonen foreslår Kulturdepartementet ei endring i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek (biblioteklova). Forslaget er ei oppfølging av St.meld. nr. 23 (2008-2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* (bibliotekmeldinga) og Meld. St. 20 (2009-2010) *Omorganisering av ABM-utvikling*. Lovendringsforslaget handlar om kven som skal ta hand om statlege folkebibliotekoppgåver i framtida, og opnar for større fleksibilitet med omsyn til å delegere statlege bibliotekoppgåver.

### **2 Innhald og bakgrunn**

I bibliotekmeldinga vart det understreka at eit hovudmål med statens bibliotekpolitikk er å utvikle robuste og omstillingsdyktige bibliotek som kan tilby alle innbyggjarane betre bibliotektenester. Det vart også vist til at det er behov for ein overordna politikk som kan medverke til at biblioteka tek i bruk løysingar som er gode nok til å møte morgondagens utfordringar. Det vart dessutan understreka at det er behov for klårare ansvarsdeling og satsingsprogram for å nå ei slik utvikling.

I bibliotekmeldinga vart det varsla at Kulturdepartementet i samråd med relevante departement og styret for ABM-utvikling ville vurdere om det kunne vere tenleg med ei nærare samordning

eller samanslåing av bibliotekoppgåver i Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling – eventuelt om det kunne vere ei løysing å overføre bibliotekoppgåver frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket. Stortinget støtta denne intensjonen og peikte på at ei avklaring av oppgåvefordelinga mellom institusjonane kunne vere naturleg, jf. Innst. S. nr. 320 (2008-2009).

Etter biblioteklova § 13 har ABM-utvikling ansvaret for statens folkebibliotekoppgåver. ABM-utvikling vart etablert 1. januar 2003 som eit tverrsektorielt og departementsoverskridande organ for arkiv, bibliotek og museum. Utgangspunktet var dei tre eksisterande organa Statens bibliotektilsyn, Riksbibliotektenesta og Norsk museumsutvikling. Føresetnaden var at organet skulle ha tilfredsstillande kompetanse til å ta hand om oppgåver også på arkivområdet.

I Prop. 125 S (2009-2010) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2010* vart det gjort framlegg om å overføre dei fleste av ABM-utviklings bibliotekfunksjonar til Nasjonalbiblioteket. Stortinget slutta seg til framlegget, jf. Innst. 350 S (2009-2010). Overføringa vart effektivert 1. juli 2010. Unnataket er oppgåver som gjeld konsortieavtalar og lisensar. Desse vart overførte til Cristin, som er det nye felles forskingsdokumentasjonssystemet. Det ligg under Kunnskapsdepartementet. Dette vart effektivert 1. januar 2011. I tillegg til fire årsverk knytte til konsortium og lisensar, vart ytterlegare to årsverk som skal knytast til arbeidet i Cristin, overførte frå ABM-utvikling.

Nasjonalbiblioteket vart etablert i 1989, og har vore ein samlingsforvaltande institusjon med pliktavleveringslova som eit viktig verkemiddel. Nasjonalbiblioteket har gjort store investeringar i digital teknologi og har etablert eit digitalt bibliotek med ulikt kjeldemateriale. Det vert satsa stort på digitalisering av bøker, fotografi og anna materiale.

I St.meld. nr. 24 (2008-2009) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv* vart det slått fast at Nasjonalbiblioteket er hovudaktøren i digitaliseringsarbeidet på bibliotekfeltet, og at det skal ha eineansvar for bibliografiske standardar og digitale løysingar for å søkje på tvers av alle bibliotek. Nasjonalbiblioteket skal også vidareutvikle satsinga på frikjøp av verna materiale for digital framvising gjennom prosjektet bokhylla.no.

### 3 Høyring

Forslag om endring i biblioteklova § 13 om ansvar for statlege bibliotekoppgåver vart lagt fram i høyringsnotat av 28. mai 2010. Etter gjeldande lov har ABM-utvikling ansvaret for å ta hand om statens folkebibliotekoppgåver. I høyringsnotatet vart det gjort framlegg om å endre § 13 i lova slik at det går fram at dette ansvaret ligg til departementet, eller den departementet bestemmer. Høyringsnotatet vart sendt til desse instansane:

Finansdepartementet  
Fornyrings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet  
Justis- og politidepartementet  
Kommunal- og regionaldepartementet  
Kunnskapsdepartementet  
Miljøverndepartementet

ABM-utvikling (tidlegare)  
Arkiverket  
Bibsys  
Frida  
Høgskulane  
Nasjonalbiblioteket  
Norsk kulturråd  
Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek  
Universiteta  
Universitets- og høgskolerådet  
Utdanningsdirektoratet

Fylkeskommunane

Det flerspråklige bibliotek (Deichmanske bibliotek)  
Kommunane  
KS  
Nord-sørbiblioteket (Stavanger bibliotek)  
Skolenes landsforbund

Sametingets bibliotek/Sametinget

Akademikerne  
Bibliotekarforbundet  
Biblioteksentralen A/L  
Fagforbundet  
Forskerforbundet  
Kulturforbundet  
Norsk barnebokinstitutt  
Norsk Bibliotekforening  
Norsk fagbibliotekforening  
Norsk kulturforum (NOKU)  
Norsk målungdom  
Norsk tjenestemannslag (NTL)  
Tekna  
Utdanningsforbundet

I tillegg vart høyringsnotatet lagt ut på nettstaden til departementet. Frist for merknader var 6. august 2010. Det kom inn 34 høyringssvar.

### 4 Høyringsinstansanes merknader

Det store fleirtalet (24) av høyringsinstansane har ikkje merknader til lovforslaget. Ingen av høyringsinstansane har merknader til teksten i lovforslaget. Det er fem høyringsinstansar som uttrykkjer at dei er positive til dei materielle sidene av forslaget, som inneber oppgaveoverføring frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket, mellom anna Biblioteksentralen. Fire høyringsinstansar er skeptiske til dei materielle sidene av forslaget, mellom anna Oslo kommune.

Norsk Bibliotekforening tek til etterretning departementets avgjerd i saka og støttar forslaget. Norsk Bibliotekforening har tidlegare vore kritisk til ei oppsplitting av fagmiljøet ved ABM-utvikling, ved at nokre av oppgåvene vert vidareførte under Kunnskapsdepartementet.

Biblioteksentralen uttalar seg slik i sitt høyringssvar:

«Nasjonalbiblioteket har vist stor styrke og stor handlekraft på de områdene de er satt til å forvalte, og vi ser på forslaget om å overføre de oppgavene som i dag ligger hos ABM-utvikling

til Nasjonalbiblioteket som framtidsrettede og gir sektoren en økt mulighet for utvikling.»

Også Kulturforbundet har uttala seg om Nasjonalbiblioteket si rolle overfor biblioteksektoren:

«Nasjonalbiblioteket må nå få en helt annen rolle enn tidligere. Konsekvensen av departementets avgjørelse er, slik Kulturforbundet ser det, at Nasjonalbibliotekets målsetting og mandat må endres til også å omfatte folkebibliotekutvikling på bred basis.»

Oslo kommune meiner at forslaget til endring ikkje i seg sjølv er dramatisk, men viser til at kommunen tidlegare har gjeve uttrykk for behovet for eit felles og uavhengig statleg organ på abm-området. Oslo kommune understrekar at ei overføring av ansvaret for dei fleste statlege bibliotekoppgåvene til Nasjonalbiblioteket ikkje må innebære at Nasjonalbiblioteket skal vere operativt på område som lokale og regionale bibliotek i dag tek ansvar for på ein god måte.

Nokre institusjonar frå universitets- og høgskulesektoren kommenterer høyringsnotatet si omtale av Nasjonalbibliotekets rolle overfor bibliotek i denne sektoren, men dette ligg på sida av lovendringa som høyringa gjeld og blir ikkje omtala her.

## 5 Departementets vurdering

---

Departementet legg til grunn at det er ønskeleg med ei fagleg styrking og konsolidering av statlege bibliotekoppgåver. Departementet meiner at den beste løysinga for biblioteksektoren er at Nasjonalbiblioteket får ansvaret for dei fleste bibliotekoppgåvene som ABM-utvikling har hatt ansvaret for, med unnatak av arbeidet med konsortieavtalar m.m. Ei slik endring vil klargjere ansvar og roller på statleg nivå. Dei materielle sidene av forslaget er vurderte i Meld. St. 20

(2009-2010), som vart behandla i Stortinget 2. desember 2010.

Nasjonalbiblioteket har fått nye forvaltningsoppgåver av ein annan art enn den oppgaveporteføljen institusjonen til no har hatt ansvaret for. Nasjonalbiblioteket vil både ha eit utviklingsansvar og koordineringsansvar for heile sektoren. Etter at bibliotekoppgåvene vart overførte til Nasjonalbiblioteket 1. juli 2010, har det vore gjennomført ein prosess som har resultert i eit mandat som også omfattar dei nye funksjonane.

Departementet ønskjer ikkje å omtale i lovteksten kva for institusjon som skal ta hand om statlege bibliotekoppgåver. Dette gir større fleksibilitet. Det er heller ikkje lenger vanleg at statlege, rådgjevande organ for departementa har heimel i lov.

Departementet kjem i denne samanhengen ikkje nærmare inn på dei tilliggjande problemstillingane som vart reiste i ein del høyringsfråsegner frå instansar på universitets- og høgskulesektoren, jf. pkt. 3.

## 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Forslaget til lovendring har ingen administrative eller økonomiske konsekvensar. Det er gjort greie for dei økonomiske og administrative konsekvensane som følgje av omorganiseringane på feltet i Meld. St. 20 (2009-2010) og i Prop. 1 S (2010-2011).

## 7 Merknader til paragrafen

---

Endringane i biblioteklova § 13 inneber at det er departementet, her Kulturdepartementet, eller den departementet gir fullmakt til, som har ansvaret for dei statlege folkebibliotekoppgåvene. Departementet legg til grunn at Nasjonalbiblioteket bør få denne fullmakta.

Kulturdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer i lov om folkebibliotek.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfestar:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringer i lov om folkebibliotek i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til lov om endringer i lov om folkebibliotek

I

I lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek skal § 13 lyde:

§ 13. *Statlige bibliotekoppgaver*

*Departementet, eller den departementet bestemmer, ivaretar statlige bibliotekoppgaver etter denne lov.*

II

Lova tek til å gjelde straks.

---

---